



## ØRSTA KOMMUNE

### MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Ørsta kontrollutval  
**Møtestad:** Møterom «Hjørundfjord», Ørsta rådhus  
**Dato:** 29.11.2016  
**Møtet starta** Kl.10.00  
**Møtet slutta** Kl.14.40

#### Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon	
Svein Castberg	Leiar	
Stina Aasen Lødemel	Medlem	Kom til møtet kl.10.15, fekk fritak frå kl.12.40 etter beh. av sak 38/16
Anne Stine Foldal Aam	Nestleiar	

#### Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	
Kari Janne Myklebust	Medlem	
Peder Slenes	Medlem	

#### Varamedlemar som møtte:

Namn		Møtte for
Sylvi Gulla Hovdenakk		Peder Slenes
Trond Vartdal	Kom kl. 11.55 i sak 36/16.	Kari Janne Myklebust

#### Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling	
Jostein Støylen	Dagleg leiar	
Sigrid Aashild Torbjørnson	Konsulent	

#### Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling	
Bodill Skeide	Dagleg leiar/sjefsrevisor	
Alf Marius Grønnevik	Forvaltningsrevisor	

#### Frå kommuneadministrasjonen:

Namn	Stilling	
Hilde Flotve Mo	Rådgjevar, i sak 34/16	
Orlaug B. Kårstad	Hovudverneombod, i sak 34/16	
Wenche Solheim	Rådmann, i sak 35/16, 36/16 og 37/16	
Stein Aam	Ordførar, i sak 35/16, 36/16 og 37/16	
Knut Almås	Seksjonsleiar Helse og velferd, i sak 43/16	
Joanne Piccton Aarseth	Einingsleiar Psykisk helse, i sak 43/16	

Sak nr	Tittel	Arkivkode	
32/16	Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokoll.	033	
33/16	Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte	049	
34/16	Orientering om KF-kvalitet	030&18	
35/16	Organisering av større bygge- og investeringsprosjekt – orientering ved ordførar og rådmann	030&18	
36/16	Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019	217	
37/16	Plan og retningslinjer for selskapskontroll 2016-2019	026	
38/16	Forvaltningsrevisjonsprosjekt vatn og avløp	217	
39/16	Revisjonsplanlegging 2016 – finansiell revisjon	217	
40/16	Forvaltningsrevisjonsprosjekt barnevern	217	
41/16	Meldingar	030&17	
42/16	Tilbakemelding jf. ØR 04 sak 31/16	047	
43/16	Status viketunet (oppf.ktr.utv.sak 24/15)	030&18	
44/16	Tertialrapport august 2016	212	
	Saker som kjem til		

**SAK 32/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.  
MØTEPROTOKOLL.**

**Samrøystes vedtak**

1. Innkalling og sakliste vart godkjent med endringar i høve oppsett sakliste slik sakene vart handsama i følgjande rekkjefølgje: 32, 33, 41, 34, 35, 36, 37, 38, 43, 39, 40, 42 og 44.
1. Til å skrive under møteprotokollen saman med kontrollutvalsleiar Sven Castberg, vart vald Anne Stine Foldal Aam.

**SAK 33 /16 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE  
Vedlegg**

Møteprotokoll frå møtet 22.09.2016.

**Samrøystes vedtak**

Møteprotokollen frå møtet 22.09.2016 vart godkjent.

**SAK 34/16 ORIENTERING OM KF-KVALITET**

**Saksopplysning**

Rådgjevar Hilde Flotve Mo og hovudverneombod Orlaug B. Kårstad orienterte og svara på spørsmål om kvalitetssystemet KF-kvalitet.

**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek orienteringa om KF-kvalitet til vitende.

**SAK 35/16 ORGANISERING AV STØRRE BYGGE- OG INVESTERINGSPROSJEKT  
– ORIENTERING VED ORDFØRAR OG RÅDMANN**

**Saksopplysning**

Ordførar og rådmann orienterte kontrollutvalet om korleis Ørsta kommune organiserer større bygge- /investeringsprosjekt, jf. vedtak pkt.2 i kontrollutvalssak 31/16.

**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

## **SAK 36/16 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2016-2019**

### **Vedlegg**

1. Overordna analyse i Ørsta kommune 2016 – 2019. Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS.
2. Analyse av nøkkeltal frå statistisk sentralbyrå. Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS.

### **Saksopplysningar**

#### **Innhaldet i plan for forvaltningsrevisjon**

Heimelen for forvaltningsrevisjon følgjer av kommunelova (kompl.) § 77 nr. 4, som fastset at kontrollutvalet skal sjå til «*at det blir gjennomført systematiske vuderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut frå kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar (forvaltningsrevisjon)..*», jf. tilsvarande formulering i §9 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Etter § 10 skal det «*minst én gang i valgperioden og senest innan utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.*» Det er vidare fastsatt at kommunestyret vedtek planen.

#### **Formålet med forvaltningsrevisjon**

Hensikta med forvaltningsrevisjonen er blant anna å bidra til ein betre og meir effektiv kommunal forvaltning. Når det vert utført forvaltningsrevisjon, set ein fokus på økonomi og måloppnåing.

Ved utøving av forvaltningsrevisjon bidreg kontrollutvalet bl.a. til:

- Å påpeike forbetningsområder som bidreg til økt produktivitet og måloppnåing i tilhøve politiske vedtak og føresetnadar.
- Å bidra med informasjon til kommunens avgjerdstakarar som er til nytte for
  - Å styrke kommunestyrets grunnlag for styring
  - Kontrollutvalets tilsyn med forvaltninga
  - Leiinga si vurdering av moglegheiter for meir sparsom/økonomisk drift, økt produktivitet, større effektivitet og betre måloppnåing.
  - Rasjonell, målretta og kostnadseffektiv drift.

### **Gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon**

#### **Gjennomføring**

Etter at kommunestyret har vedtatt plan for forvaltningsrevisjon, vil kontrollutvalet sørge for å bestille forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet vedtek problemstillingar, prosjektplan og ressursar, og om det i så fall skal gjennomførast foranalyse. Bestillinga vert, som hovudregel, til Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS.

#### **Rapportering**

I tråd med forskrift om revisjon § 8 skal revisor rapportere fortløpande til kontrollutvalet om resultat av gjennomført forvaltningsrevisjon. Vidare er kontrollutvalet pålagt ansvar for å rapportere til kommunestyret. Med mindre kommunestyret vedtek spesielle føresegn for når og

korleis rapporteringa skal gå føre seg, er det opp til kontrollutvalet å finne ein tenleg form og frekvens på dette. Rapport og resultat frå det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekt vert då fortløpande lagt fram for kommunestyret.

## **Prioriteringar i denne perioden**

### **Generelt**

Overordna analyse er basert på innsamla informasjon og statistikk for kommunen, dessutan revisors erfaringar, tidlegare analyse/plan og tidlegare prosjekt. Vi viser til den overordna analysen (vedlagt saka) for nærare opplysingar. På bakgrunn av denne analysen vert det lagt opp til val av forvaltningsprosjekt basert på risiko- og viktighet (jf. vedlegg). Eit prosjekt blir bl.a. sett i verk for å bidra til å redusere ein mogleg trussel. I tillegg vil dette vere prosjekt som skal fokusere på ein målretta, rasjonell og kostnadseffektiv drift. Ved ein konkret utveljing av prosjekt bør nytteverdien vurderast i tilhøve forventa ressursbruk for å gjennomføre prosjektet.

Ved utforminga av eit prosjekt vil kontrollutvalet avgrense temaet slik at prosjektet blir konkret og gir kontrollutvalet dei nødvendige opplysingar for deira kontroll med kommunen.

### **Gjennomførte forvaltningsrevisjon siste planperiode**

2012: Forvaltning drift og vedlikehald bygg

2013: Pleie og omsorg: stillingsstørrelsar, overtid, vikarbruk og avvikshandtering

2014: Spesialundervisning

2015: Sjølvkost varn og avløp

2016: Barnevern – tilsynsførarordninga

### **Prioriteringar av forvaltningsrevisjonar 2016-2019**

I oversikta under er det foreslått forvaltningsrevisjonar ut frå dei opplysingane som ligg føre.

Nedanfor går det fram oversikt over aktuelle forvaltningsprosjekt som kan vere aktuelle, og som kontrollutvalet kan ta utgangspunkt i, når dei legg sin plan for forvaltningsrevisjon i komande periode. Oversikta kjem fram i rapporten **Overordna analyse** som er utarbeida med bakgrunn i årsmelding/årsrapportar, spørjeundersøking, rekneskap, KOSTRA, fylkesmannen sine vurderingar og revisjonen sine egne vurderingar (ikkje prioritert rekkefølge):

Meir informasjon finn ein i sjølve rapporten for overordna analyse som fylgjer som vedlegg.

#### **Sentraladministrasjon Jf. del 4**

- Økonomistyring og budsjettoppfølging
- Kvalitet på den økonomiske rapporteringa

#### **Grunnskule /PPT Jf. del 5.1.1, 5.1.2, 5.3 og 5.4**

- Tidleg innsats
- Spesialundervisning (gjennomført i 2014) oppfølgingsprosjekt?
- Utredningskapasitet og førebyggjande arbeid i PP-tenesta

### **Barnevernstenesta** Jf. del 5.1.3, 5.3 og 5.4

- Sakshandsaming i barnevernstenesta (behandling av meldingar og gjennomføring av undersøkingar)
- Oppfølging av born med tiltak
- Oppfølging av born ved omsorgsovertaking

### **Barnehagar** Jf. del 5.1.4, 5.3 og 5.4.

- Tidleg innsats/samarbeid med PPT
- Samanlikning/analyse mellom offentlige og private barnehagar

### **Teknisk** Jf. del 6

- Sjølvkost vatn og avløp (oppfølgingsprosjekt)
- Sakshandsaming byggjesaker (plan og bygningslova)
- Forvaltning drift og vedlikehald av kommunale bygg (oppfølgingsprosjekt)

### **Pleie og Omsorg** Jf. del 7

- Kvalitet/tenestetilbod helsestasjon/psykiatri
- Kvalitet/tenestetilbod institusjon
- Overtid/vikarbruk (oppfølgingsprosjekt?)
- Kvalitet/avviksrapportering (oppfølgingsprosjekt)
- Økonomisk sosialhjelp

### **Generelt**

- Overtid og vikarbruk (sektor/teneste/avdeling? (oppfølgingsprosjekt?))
- Innkjøp/anbudsprosess (Sektor/teneste/avdeling?)
- Bruk av konsulenttenester
- KOSTRA-analyse (sektor/teneste/avdeling?)
- Sjukefråvær (sektor/teneste/avdeling?) (oppfølgingprosjekt)

Det er viktig å gjere merksam på at det ikkje er mulig å utføre alle prosjekta i planperioden (maks eit prosjekt årleg), og det kan vere at det viser seg undervegs at det er viktigare å prioritere utføring av andre prosjekt enn dei som er sett opp i planen. Då bør kontrollutvalet, som tidlegare, få fullmakt til å gjere endringar.

Forvaltningsrevisor Grønnevik gjekk kort gjennom overordna analyse og nøkkeltal.

### **Samrøystes innstilling**

1. Kommunestyret vedtek å prioritere følgjande prosjekt i planperioden 2016 -2019 (ikkje prioritert rekkjefølgje):
  - Barnehage/grunnskule – tidleg innsats
  - Barnevernstenesta
  - Teknisk - Forvaltning drift og vedlikehald av kommunale bygg (oppfølgingsprosjekt)
  - Pleie og omsorg - kvalitet/tenestetilbod
  - Innkjøps-/anbudsprosess

- Avvikshandtering
  - KOSTRA
2. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å prioritere og eventuelt leggje til nye prosjekt innan ramma for utføring.
  3. Kommunestyret vedtek at betaling for utførte prosjekt vert dekkja inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører forvaltningsrevisjon på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).
  4. Kommunestyret vedtek at denne planen for forvaltningsrevisjon gjeld inntil ny plan ligg føre.

## **SAK 37/16 PLAN OG RETNINGSLINER FOR SELSKAPSKONTROLL 2016-2019**

### **Vedlegg:**

Plan og retningslinjer for selskapskontroll 2016-2019

### **Saksopplysningar**

Kommunane har i lang tid gjort meir og meir bruk av fristilte organisasjonsmodellar. Denne utviklinga har ført til meir kompleks organisering av den kommunale verksemda. Dette inneber utfordringar når det gjelder styring, og det reiser spørsmål knyta til kontroll og tilsyn.

Kommuneloven kapittel 12 omhandlar internt tilsyn, kontroll og revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Kommunal- og regionaldepartementet har laga Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Lova og forskriftene inneheld reglar vedkomande kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

For vidare saksopplysning viser ein til vedlagte utkast til Plan og retningslinjer for selskapskontroll 2016-2019.

#### **○ Utkast til retningslinjer for gjennomføring**

Utkast til retningslinjer for kontrollutvalet si gjennomføring av selskapskontroll, jf. pkt.6 i utkast til Plan og retningslinjer for selskapskontroll 2016-2019:

1. Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyresak **PS 51/16 Rutine for eigarskapsstyring** vert følgt.
2. Kontrollutvalet skal utføre selskapskontrollar pålagde av kommunestyret.
3. Kontrollutvalet kan sjølv avgjere om dei skal gjennomføre selskapskontrollar. Dette vil normalt bygge på kommunen sin eigenkontroll, **jf. PS 51/16**. Kontrollutvalet kan ut frå egne vurderingar sjølv avgjere om det skal utførast forvaltningsrevisjon eller undersøkingar i selskap som lekk i ein selskapskontroll.
4. Kontrollutvalet får fullmakt til å fastsetje kva dokument som skal sendast kontrollutvalet (medlemane og sekretariatet), kommunen sin revisor og utførande revisor.
5. Kontrollutvalet får fullmakt til samordne utføringa av selskapskontroll med kontrollutval i andre eigarkommunar.

6. Kommunen sin revisor skal normalt utføre selskapskontrollar på vegne av kontrollutvalet. Dersom kommunen sin revisor også er revisor i selskapet som vert kontrollert, skal kontrollutvalet vurdere om andre skal utføre kontrollen.
7. Dersom kommunen/kommunene sin revisor utfører selskapskontrollen, gjeld denne si betalingsordning for kontrollen og kommunen/ane betalar. Dersom andre enn kommunen/kommunene sin revisor eller kontrollutvalet sitt sekretariat utfører selskapskontrollen på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn og kompetanse, vert betalinga for kommunen å dekke ut frå faktiske kostnader.
8. Kontrollutvalet kan fråvike fastsette retningslinjer, innanfor lovverket sin rammer, om spesielle tilhøve skulle tilseie det.
9. Kontrollutvalet sin leiar og/eller nestleiar evt. den leiaren delegerer til, representerer kontrollutvalet i generalforsamling og representantskap.
10. Innsyn i selskap er avgrensa av type selskap, og kontrollutvalet sitt innsyn er i samsvar med gjeldane lov og reglar:
  - Kommunelova § 80: Kontrollutvalet har rett til å krevje dei opplysningar som er nødvendig for kontroll i alle heileigde aksjeselskap og aksjeselskap kommunen eig saman med andre kommunar/fylkeskommunar og interkommunale selskap.
  - For selskap kommunen eig saman med private, så vil kontrollutvalet sin innsynsrett verte avgrensa etter offentleglova. Dvs. ein kan ikkje krevje innsyn der det gjeld næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private. Dette inneber at protokollar frå styret i deleigde kommunale selskap ikkje kan krevjast innsyn i, då desse ikkje er omfatta offentleglova eller innsynsrett etter kommunelova.
  - Kommunen kan ha rett til innsyn i selskap om det går fram av selskapsavtalen og/eller vedtektene i selskap kommunen eig saman med private. Avtalen seier *kva* ein har rett til innsyn i.
  - For kommunen sin revisor gjeld same rett til innsyn som for kontrollutvalet.

### **Samrøystes innstilling:**

Kommunestyret vedtek plan og retningslinjer for selskapskontroll 2016-2019 i samsvar med utgreiinga, og at denne gjeld inntil ny plan ligg føre.

## **SAK 38/16 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – VATN OG AVLØP – ØRSTA KOMMUNE**

### **Vedlegg**

Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vatn og avløp - Ørsta kommune.

Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 30.05.2016.

### **Saksopplysningar**

Sjølvkost er øvre grense for lovlege gebyrinntekter for fleire kommunale tenester, og berekninga av sjølvkost er derfor av stor interesse.



## **Vedtak for prosjektet**

Kontrollutvalet i Ørsta kommune gjorde vedtak i sak 25/15 om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt innan sjølvkostområdet vatn og avløp. Prosjektplan vart lagt fram og godkjent av kontrollutvalet sak 31/15.

Prosjektet skulle vurdere om lov, forskrift og retningsliner for sjølvkost innan vatn og avløp er fylgde i Ørsta kommune.

Gjennomgang av områda vatn og avløp er avgrensa hovudsakleg for 2014, men med eit lenger tidsperspektiv på enkelte område. Renovasjon er ikkje med i prosjektet.

Formålet med prosjektet er å setje søkelys på situasjonen i dag og peike på mulig forbetring og vidareutvikling av den kommunale verksemda, samt avdekke eventuelle manglar.

- MÅLSETTING

Målsettinga for prosjektet er å vurdere om Ørsta kommune fyl lov, forskrift og retningsliner for sjølvkost innan vatn og avløp.

Der ein konkret ville

- vurdere om kommunen sine utrekningar av gebyr for vatn og avløp er i samsvar med gjeldande regelverk for sjølvkost.
- kontrollere om resultatdisponeringa innanfor sektorane vatn og avløp er i tråd med gjeldande retningsliner, herunder kontroll av bruk og avsetnad til vatn- og avløpsfond (VA-fond).

Det er Lov om kommunale vass – og kloakkavgifter som regulerer avgiftsnivået for vatn og avløp. I forskrift om begrensing av forurensing kapittel 16, er ramma for gebyr beskrive:

«Vann- og avløpsgebyrer skal ikke overstige kommunens nødvendige kostnader for henholdsvis vann- og avløpssektoren. Ved beregning av selvkost bør det til enhver tid gjeldende retningslinjer for beregning av selvkost legges til grunn.»

Kommunen fastsét i forskrift reglar, berekning, storleik samt innkreving av gebyr.

Kommunen sitt vedtak om storleiken på gebyra, er basert på eit overslag av kommunen sine direkte og indirekte kostnader knytt til drift-, vedlikehald- og kapitalkostnader på den aktuelle sektoren for dei nærmaste tre til fem år.

For å kontrollere dei områda der sjølvkost skal nyttast for brukarbetaling, må kommunen foreta ein etterkalkulasjon av dei reelle kostnadene innanfor dei aktuelle tenesteområda. Kommunen må føre kontroll med at gebyrinntektene ikkje overstig sjølvkost ved å utføre ein etterkalkulasjon av dei reelle kostnadane innanfor dei aktuelle tenesteområda.

- PROBLEMSTILLING

Revisjonen tok (på grunnlag av bestillinga frå kontrollutvalet) utgangspunkt i følgjande problemstilling:

*Vert vatn og avløp i Ørsta kommune behandla i samsvar med sjølvkostprinsippet?*

Der ein mellom anna har sett nærare på sentrale element i sjølvkostkalkyla:

- Direkte kostnader
- Indirekte kostnader
- Kapitalkostnader
- Sjølvkostfond

Revisjonen har gjort ei deskriptiv analyse med samanlikning av nabokommunar basert på rekneskapsdokument og KOSTRA (rapporten s.14 – 17)

Vassforbruket i Ørsta kommune har revisjonen sett nærmare på då dette er avgjerande som grunnlag for gebyrinntektene.

Problemstillinga har revisjonen belyst i rapporten, med følgjande vurderingar :

***Vert vatn og avløp i Ørsta kommune behandla i samsvar med sjølvkostprinsippet?***

- Direkte kostnader

I revisor si vurdering, rapporten sin del 6.1.3. (s. 24), heiter det:

Kontroll av eit utval fakturaer viste at kostnadane som kommunen har belasta sjølvkost for vatn og avløp er direkte knytt til den respektive funksjonen/tenesteområdet heilt eller ved forholdsmessig fordeling.

Kommunen har siste åra teke i bruk Momentum sjølvkost som verktøy i budsjett og gebyrarbeidet. Ein har gått igjennom grunnlagsdata som ligg føre i systemet (etterkalkyle 2015) og samanlikna dei mot rekneskapan. Ein såg berre såg mindre forskjellar på eit få antal kontoar grunna endring i rekneskapan etter at etterkalkyla har vore utarbeida.

Dei direkte kostnadane i rekneskapan stemte derfor i stor grad med dei grunnlagsdata som låg føre i systemet.

Når det gjeld lønskostnader fører kommunen alle lønskostandar innanfor områda direkte mot funksjonane vatn og avløp. Det går fram av rettleiar at «Ansatte i tjenestefunksjon (betalingstjenesten) som yter tjenester til stabs-/støttefunksjon for administrativ ledelse, skal fordele denne andelen til stab/støtte, dvs. at andelen tas ut». Kommunen bør derfor gjere ei vurdering i høve kor mykje av arbeidet til tilsette i leiande stillingar som går med til administrasjon og kor mykje som direkte kan knytast opp i mot VA-tenesta, slik at ein får eit klarare skilje mellom direkte og indirekte lønskostnadar. Andre kommunar har ein valt å trekke ut lønskostnadar som kan knytast til administrasjon/stab styring og føre dette som indirekte kostnadar.

Meir detaljert grunnlag for revisor si vurdering finn ein i rapporten sin del 6.1 frå side 22.

- Indirekte kostnader

I revisor si vurdering, rapporten sin del 6.2.3. (s. 29), heiter det:

Det er vurdert kommunen sine stab/støtte funksjonar og ein vurderer det slik at kommunen i stor grad har fått med dei tilleggs- og støttefunksjonar som går fram av rettleiar og som ein bør ha med.

Dei indirekte kostnadane som Ørsta kommune har teke med er både relevante og vurderinga som ligg til grunn. Det kan kanskje stillast spørsmål ved kostnadsfordelinga ved kommunekassa og eigedomsforvaltninga:

**Kommunekassa:** Det var fordelt totalt 619 070 kr. Revisjonen meiner dette verkar som ei relativt høg belastning , ved at ca ei heil stilling går med å støtte VA- området.

### **Eigedomsforvaltning:**

Fordelte utgiftene er belasta med 37 166 kr. VA-området nyttar 104m<sup>2</sup> , og følgeleg utgjør dette ei utgift på 357 kr pr m<sup>2</sup>. Det kan stillast spørsmål ved om husleige er med i denne vurderinga, om så fall er dette ein svært gunstig kvadratmeterpris i forhold til om kommunen skulle leige kontorlokale inkl reinhaldstenester og liknande ein anna stad.

Kommunen har fordelt like store utgifter mellom vatn og avlaup. Det ligg ikkje føre vurderingar som grunngir ei slik fordeling, og kan stille spørsmål ved om dette gir ei korrekt kostnadsfordeling. I dei fleste kommunar brukar det å vere større utgifter knytt til drift av vatn enn til drift av avlaup. Kommunen bør i sine framtidige vurderingar/fordelingar ha eit tydlegare fokus på å skilje mellom kva som er utgifter knytt til vatn og kva som er utgifter knytt til avløp, då dette er to forskjellige gebyr, og ved fleire høve forskjellige tenestemottakarar (innbyggjarar). Det er naturleg å gjennomføre dette arbeidet i samband med utarbeiding/oppdatering av fordelingsnøklar i Momentum sjølvkost , jfr tidlegare nemnt i kapittel 6.2.3.1.

Ein har samanlikna dei indirekte kostnadane til Ørsta, Ulstein og Vanylven. Ein registrerte forskjellar i kva utgifter som har vore fordelte mellom dei ulike kommunane. Ørsta og Ulstein har eit tilnærma likt nivå i totale utgifter, men ein registrerar større forskjellar på dei enkelte stab-/støtteområda.

Meir detaljert grunnlag for revisor si vurdering finn ein i rapporten sin del 6.2 frå side 25

- Kapitalkostnader

I revisor si vurdering, rapporten sin del 6.3.3. (s. 32), heiter det:

Retningslinjer for sjølvkost vart endra i 2003, og har vore gjeldande t.o.m 2013.

Fram til 2003 vart annuitetsprinsippet nytta ved berekning av avskrivningar. Ein av dei viktigaste avklaringane for sjølvkostberekninga var at ved berekning av sjølvkost for kommunen skal kostnadsberekninga ikkje være avhengig av kva finansieringsform kommunen vel (bruk av lån eller eigenkapital). Derfor må kapitalkostnader bereknast for alle anskaffingar av varige driftsmiddel, uavhengig av korleis anskaffelsen er finansiert. Kommunen ser ut til å ha teke utgangspunkt i anskaffelseskost ved berekning av avskrivingsgrunnlaget, og avskrivingsgrunnlaget ser derfor ut til å vere lik anskaffelseskostnaden fullt ut, dvs ingen tilskot eller refusjonar er registrert .

Kommunen ser derfor ut til å ha følgd retningslinjene for sjølvkost når det gjeld berekning av avskrivingsgrunnlaget.

Kontroll av kapitalkostnader i etterkalkyla for sjølvkost 2015 viste litt forskjell på det som var ført i rekneskapen til kommunen og kva som gjekk fram av etterkalkyla som var grunnlag for utrekning av dei kommunale vass og avlaupsgebyra. Derimot skal det nemnast at avvika må kunne karakteriserast som små og vil utgjere svært lite for kvar enkelt brukar.

Meir detaljert grunnlag for revisor si vurdering finn ein i rapporten sin del 6.3 frå side 31.

- Varige driftsmiddel - anlegg

I revisor si vurdering, rapporten sin del 6.4.2. (s. 34), heiter det:

I Momentum sjølvkost er det i anleggsregisteret til kommunen lagt inn alle eksisterande driftsmiddel og vurdert levetida til desse. Kommunen har derfor gjort ei vurdering i høve avskrivningstida til dei ulike investeringane.

Gjennomgangen viste at det i stor grad var samsvar mellom anleggsregisteret i sjølvkostmodellen og rekneskapen.

Kommunen si vurdering av den forventade levetida ser ut til å vere vurdert i høve krava i rekneskapsførekrifta si standard avskrivingsperiode for ulike driftsmiddel (sjå revisjonskriterium kap 6.3.1).

Meir detaljert grunnlag for revisor si vurdering finn ein i rapporten sin del 6.4 frå side 33.

- Sjølvkostfond

I revisor si vurdering, rapporten sin del 6.5.3. (s. 37), heiter det:

Sjølvkostfondet har som oppgåve å handtere svingingar i inntekter og kostnader dei einskilde år slik at gebyra kan haldast meir stabile, f.eks. som følge av investeringar som vil ein auke i kapitalkostnadane. Det går fram av rettleiar at sjølvkostfondet skal gå i balanse i løpet av ei 3-5 års periode. For kontrollperioden har kommunen hatt ein relativt stor auke i avløpsfondet. Ein såg derimot ein vesentleg bruk av fondet i 2014 (reduisert frå 11,2 mill kr til 5,4 mill kr) , men i 2015 såg ein en auke i fondet slik at ved inngangen til 2016 stod fondet på om lag 7,5 millionar kr. I gebyrvedtaket for 2016 er avløpsgebyret halde uendra. Noko som mest sannsynleg vil vere med på å redusere fondet komande år.

Sjølvkostfondet for vatn viste bruk og avsetning av fondet slik at det gjekk i balanse i løpet av ei 3 års periode. Fondet stod med negativ saldo på 0,57 mill kr ved inngangen til 2016 og i budsjettvedtaket for 2016 er det vedteke ei auke i vassgebyret på 7%. Kommunen har derfor følgd rettleiar mtp. bruk/avsetting av fond.

Kommunen har i samsvar med sjølvkostrettleiar renteberekna VA-fonda i kontrollperioden 2010 til 2015 .Ein registrerte ikkje avvik i perioden mellom renta kommunen hadde nytta og anbefalt kalkylerenta utarbeida av Norges bank. Ein registrerar også at kommunen har nytta gjennomsnittet mellom inngåande balanse (IB) og utgåande balanse (UB)som grunnlag for renteberekninga. Dette stemmer overeins med rettleiar der det går fram at berekningsgrunnlaget skal vere gjennomsnittleg behaldning det enkelte år. Store endringar i resultatet gjennom året vil på denne måten bli fanga opp.

Meir detaljert grunnlag for revisor si vurdering finn ein i rapporten sin del 6.5. frå side 35

## **Vassforbruk:**

I revisor si vurdering, rapporten sin del 6.2. (s. 21), heiter det:

### **Lekkasje:**

Det går fram av statistisk sentralbyrå sine oversikter at dei kommunale vassverka i Noreg produserte til saman 760 millionar m<sup>3</sup> vann ut på leidningsnettet i 2013 og at ein av tre liter, eller omkring 32 prosent av vatnet som blei levert ut på nettet, forsvann i form av lekkasje.

Kommunen bereknar grunnlag for vatn og avlaupsgebyr ut i frå arealet på bustaden , multiplisert med ein reduksjonsfaktor. Dette gir eit forbruksgebyr som vert høgare etter kor stort arealet på bustaden er, dvs ein føreset at store bustadar har høgare vassforbruk enn mindre bustadar. Då det er same prinsippet som ligg til grunn ved avlaupsgebyr, og det er den som forureinar som skal betale, kan denne praksis oppfattast som forskjellsbehandling. Ein kan stille spørsmål ved om reduksjonsfaktoren som kommunen nyttar er dekkjande for alle type bustadar, og då spesielt bustadar under 120m<sup>2</sup> som får eit årleg forbruk som tilsvarar under SSB sitt gjennomsnittlege forbruk for ein person.

Tal henta ut i Ørsta viser at det er stor forskjell mellom produsert vassmengd og fakturert mengde. Undersøkinga viser at over halvparten av den produserte vassmengd forsvinn i lekkasjar og svinn/sløsing. Kommunen har signalisert at avviket i stor grad skuldast lekkasje frå Vikegeila vassverk. Men ei medverkande årsak til avviket kan og vere svinn/sløsing, ved at abonnentane som får fakturert forbruket sitt etter areal faktisk brukar meir enn det estimerte vassforbruket som kommunen bereknar. Om dette er tilfelle bør kommunen auke det estimerte vassforbruket for dei som får utrekna forbruksgebyra etter areal. Dette vil igjen føre til at kostnaden pr. m<sup>3</sup> vatn vert lågare for dei som betalar etter faktisk forbruk (vassmålar).

Eit anna tiltak som kommunen kan vurdere er å få fleire av innbyggjarane over på vassmålar. Dette er problemstillingar i alle kommunar, og t.d. Drammen kommune har gjort vedtak om at alle bustader skal betale etter faktisk forbruk (målar). Målsettinga er å gjere innbyggjarane meir bevisst på sitt eige vassforbruk, og dette vil mest sannsynleg føre til at det totale vassforbruket i kommunen vil gå ned noko som og vil spare miljøet.

Meir detaljert grunnlag for revisor si vurdering finn ein i rapporten sin del 6 frå side 19.

- ANBEFALINGAR

Revisor kjem med følgande anbefalingar (rapporten del 7, s.38):

1. Kommunen bør vurdere å sette i verk tiltak for å redusere lekkasje/svinn av produsert vassmengd. Dette ved utbetring av anlegg med kjent lekkasje , men og vurdere det stipulerte/kalkulerte forbruket ved berekninga av forbruksgebyr etter areal, alt. få fleire av abonnentar til å nytte vassmålar.
2. Kommunen bør gjere ei vurdering i høve kor mykje av arbeidet til tilsette i leiande stillingar som går med til administrasjon.
3. Kommunen bør utnytte mulighetene som ligg i sjølvkostverktøyet i høve berekning av indirekte kostnadar ved etablering av grunnjevne fordelingsnøklar slik at verktøyet som er innkjøpt vert utnytta fullt ut. Kommunen bør i denne samanheng ha fokus på å skilje betre mellom kva utgifter som er knytt til vatn og kva som er knytt til avløp slik at dei to gebyra vert så korrekte som mogeleg overfor dei respektive brukarar av tenestene.

- RÅDMANNEN SI TILBAKEMELDING

I rapporten del 8, side 38 kjem rådmannen med si tilbakemelding på forvaltningsrevisjonsrapporten:

«Vi sier oss i all hovedsak enig i konklusjonen. I utgangspunktet trodde vi at vi hadde utnyttet indirekte kostnader i vesentlig grad, men tolker dette som at det fortsatt er muligheter for få dette enda mer korrekt. Dette vil bli vurdert ved neste gjennomgang.»

---

Ein viste elles til rapporten Forvaltningsrevisjonsprosjekt –*Vatn og avløp* – Ørsta kommune, som ligg ved.

Forvaltningsrevisor Alf-Marius Grønnevik gjekk gjennom rapporten, og orienterte om funna.

### **Samrøystes innstilling**

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet –*Vatn og avløp* – Ørsta kommune (Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 30.05.2016).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
  1. Kommunen må vurdere å sette i verk tiltak for å redusere lekkasje/svinn av produsert vassmengd. Dette ved utbetring av anlegg med kjent lekkasje, men óg vurdere det stipulerte/kalkulerte forbruket ved berekninga av forbruksgebyr etter areal, alt. få fleire av abonnentane til å nytte vassmålar.
  2. Kommunen må gjere ei vurdering i høve kor mykje av arbeidet til tilsette i leiande stillingar som går med til administrasjon.
  3. Kommunen må utnytte mulighetene som ligg i sjølvkostverktøyet i høve berekning av indirekte kostnadar ved etablering av grunnjevne fordelingsnøklar slik at verktøyet som er innkjøpt vert utnytta fullt ut. Kommunen må i denne samanheng ha fokus på å skilje betre mellom kva utgifter som er knytt til vatn og kva som er knytt til avløp slik at dei to gebyra vert så korrekte som mogeleg overfor dei respektive brukarar av tenestene.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **31.08.2017**.

### **SAK 39/16 REVISJONSPLANLEGGING 2016 - FINANSIELL REVISJON**

#### **Vedlegg**

- B-dokument. Dokument for revisjonsplanlegging - finansiell revisjon. (**Unnateke off. innsyn, jfr. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr 2.**) Var sendt pr. post.

#### **Saksopplysningar**

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS ved revisjonssjef Bodill Skeide, har utarbeida eit planleggingsdokument for revisjonsarbeidet – finansiell revisjon for året 2016. Dette for å utføre ein forsvarleg revisjon. Dokumentet er i samsvar med regelverket.

Planleggingsdokumentet består av flg. dokument (som er **unnateke off. innsyn**):

- Selskapsinformasjon
- Oppdragsvurdering
- Vesentlegheitsgrense

- Bemanning og budsjettert timeforbruk
- Generell risikovurdering og spesifikk risikovurdering på revisjonsområdenivå
  - o Transaksjonsklasser
  - o Kontosaldoar
  - o Tilleggsområder
  - o Angrepsvinkel

Møtet vart lukka, jf. kommunelova § 31, 5.lekk då kontrollutvalet ynskte at revisor tok ein gjennomgang av revisjonsrapporten (B- dokumentet).

Møtet vart opna att etter gjennomgangen.

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek til vitende Revisjonsplanlegging 2016 – finansiell revisjon, for Ørsta kommune, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

## **SAK 40/16 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – BARNEVERN - TILTAK, TILSYN, RUTINAR.**

### **Vedlegg**

Forvaltningsrevisjonsprosjekt –Barnevern – tiltak, tilsyn, rutinar – Ørsta kommune.

Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 09.11.2016.

### **Saksopplysningar**

#### **Vedtak for prosjektet**

Kontrollutvalet i Ørsta kommune vedtok i sak 21/16, som del av etterlevelsesrevisjon jf. revisjonsplan vedteke i kontrollutvalssak 37/15, å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring barnevernstenesta i kommunen. Prosjektet skulle ta for seg tiltak og oppfølging før og etter omsorgsovertaking, og om tilsynsføraransvaret fungerer tilfredstillande. Med avgrensing til omsorgsovertaking i kontrollperioden 2013 – 2015.

Formålet med prosjektet er å sette søkelys på situasjonen i dag og peike på mulig forbetring og vidareutvikling av den kommunale verksemda, samt avdekke eventuelle manglar.

- MÅLSETTING

I høve rapporten er formålet med prosjektet å få belyst om barnevernet i kommunen set i verk tiltak i heimen for å hjelpe heimen på best muleg måte, dvs. prøve det som er muleg i heimen til beste for barnet før omsorgsovertaking vert gjennomført. Vidare om barnet og foreldre får den oppfølging som regelverket krev i etterkant av omsorgsovertaking, og at tilsynsansvaret fungerer.

Revisjonen viser til at det etter innspel frå ein rådmann, vart prosjektet utvida til å omfatte ei vurdering om KS- sine satsar m.o.t. arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning vert følgd for den enkelte fosterheim.

Barnevernstenesta i kommunen er organisert som ein del av det interkommunale barnevernet i kommunane Hareid, Ulstein, Ørsta og Volda. Barnevernstenesta (for Hareid – Ulstein – Ørsta – Volda) er lokalisert på rådhuset i Volda.

Det vart også lagt til prosjektet ei samanlikning av bemanning og nøkkeltal.

- PROBLEMSTILLINGAR

1. Fyl kommunen regelverket når det kjem til iverksetting av tiltak før og etter omsorgsovertaking.
2. Fyl kommunen regelverket i høve tilsynsførarrolla.
3. Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning – fyl kommunen regelverket.
4. Samanlikning mellom kommunane.

Desse problemstillingane har revisjonen belyst i rapporten, med følgande vurderingar og konklusjonar:

Problemstilling 1:

### **Fyl kommunen regelverket vedkomande iverksetting av tiltak før og etter omsorgsovertaking**

I rapporten sin del 3, side 15 heiter det i revisor si vurdering:

#### **Tiltak før omsorgsovertaking-tiltaksplanar:**

Av rettleiaren frå BLD (Barne- og likestillingsdep) går det fram at tiltaksplanar er eit viktig verktøy i barnevernsarbeidet av fleire grunnar; den faglege kvaliteten kan verte styrka på fleire måtar gjennom aktiv bruk av tiltaksplanar, dei sikrar openheit og tydelegheit som er særskilt viktig innanfor ei teneste der mange er ambivalent til å motta hjelp.

Planane gir auka forutsigbarheit, noko som er eit vesentleg element i forhold til klientane sin rettstryggleik.

Barnevernstenesta i Ørsta (Det interkommunale barnevernet) hadde utarbeida tiltaksplanar for alle borna som vart omsorgsovertakne i kontrollperioden 2013-2015, der ein var frivillig plassert, medan ein hadde tiltak i ca 1 år før akuttvedtak. Tiltaka gjaldt råd og veiledning. Den tredje hadde hatt tiltak gjennom fleire år som besøksheim, støttekontakt, økonomisk bidrag og råd veiledning før omsorgsovertaking over ei perioden, før tilbakeføring.

#### **Tiltak etter omsorgsovertaking-tiltaksplanar:**

Kontrollen viste at barnevernstenesta hadde etablert tilfredstillande rutinar kring utarbeiding av omsorgsplanar, eller førebelse omsorgsplanar der endeleg avgjerd ikkje var gjort vedtak om.

Omsorgsplanar eller føreløpige omsorgsplanar låg føre rettidig ved alle omsorgsovertakingane i kontrollperioden. Vidare viste kontrollen at det var sett i verk nokre tiltak retta mot barnet/fosterheimen etter omsorgsovertakinga.

Det låg føre lite eller ingen dokumentasjon i klientmappene om tiltak retta mot opphavlege foreldre/heim. I flg barnevernsleiar vert mange foreldre følgt opp sjølv om dette ikkje er registrert i klientmapper/fagsystem, og at mykje av kontakta føregår pr. telefon. Det vert og vist til at nokre foreldre ønskjer ikkje å ha kontakt med barnevernet, men at det er kontakt med foreldra i forbindelse med samvær, opptil fleire gongar pr. år. Det er uråd å kontrollere påstandane, og om det er sett inn tiltak for å hjelpe foreldre etter ei omsorgsovertaking då det ikkje er dokumentasjon/kontrollspor.

Kontrollen viste at ingen av omsorgsbarna i kontrollperioden vart plassert i fosterheim innan familien/nær relasjon, og berre 1 av dei 17 omsorgsbarna pr 31.12.15, men ein vart tilbakeført i løpet av 2015.

#### **Oppfølgingsbesøk:**

Barnevernstenesta hadde ikkje oppfylt kravet om tilstrekkeleg med oppfølgingsbesøk i kontrollperioden. I flg. kartlegginga, som registrert i tabellen s 15, viser denne at ingen av barna har fått dei oppfølgingsbesøk dei har krav på ( 4 besøk i fosterheim/barnet, alt. 2 besøk for dei



som har vore plasserte i meir enn to år viss det er vurdert som fosterheimen/ omsorgsbarn fungerer tilfredstillande). Nokre born/fosterheimar har hatt tilstrekkeleg med oppfølgingsbesøk enkelte år. Iflg administrasjonen har dei allereie teke tak i dette, og tilstrekkeleg oppfølging skal vere på plass i 2016.

### **Politiattest:**

Kontrollen på stikkprøvebasis synte at rutinen kring innhenting av politiattest fungerte, men det er ikkje etablert rutine for makulering når arbeidsforholdet er avslutta.

Ørsta kommune har plassert sine omsorgsbarn også i andre kommunar, og det er ikkje vurdert desse kommunane sine rutinar i høve innhenting av politiattest, då tilsynsansvaret ligg til opphalds-/fosterheimkommunen og det er ingen krav til at omsorgskommunen skal bli orientert. I følge forskrifta skal politiattestane oppbevarast, så lenge vedkomande er tilsett i oppdraget, og deretter makulerast.

Revisjonen **konkluderer** med (rapporten del 3, s.17):

Kommunen hadde berre 3 omsorgsovertakingar i kontrollperioden, så det er lite grunnlag å konkludere på, men ved desse var rutinen i høve utarbeiding av tiltaksplanar tilfredstillande. Det vart ved alle omsorgsovertakingane sett i verk hjelpetiltak med råd og veiledning i forkant, ein med varigheit på ca 1 år, den andre omsorgsovertakinga var frivillig plassert og den tredje med fleire tiltak over lengre tid. Det låg utanfor prosjektet å vurdere type tiltak og omfang.

Omsorgsplanar var utarbeidd ved alle omsorgsovertakingane, og det var etablert litt tiltak i høve fosterheim/barnet som besøksheim, ansvarsgruppe o.l. Det var lite eller ingen dokumentasjon i høve tiltak eller oppfølging av opphavlege foreldre/heim etter omsorgsovertakinga.

Kommunen hadde pr. 31.12.2015 totalt 16 omsorgsbarn, då ein vart tilbakeført i løpet av 2015. 1 av 16 barn var plassert i fosterheim innan familien/nære relasjonar.

Barnevernet si lovpålagte oppfølging av fosterheim/omsorgsbarn har ikkje fungert tilfredstillande etter gjeldande regelverk, då barna/fosterheimane har ikkje hatt tilstrekkeleg med årlege oppfølgingsbesøk i kontrollperioden, men i flg. barnevernsleiar er det i 2016 sett i verk tiltak kring dette.

Det interkommunale barnevernet v/Volda kommune er oppdragsgivar har innhenta politiattest i høve fosterheimsplasseringar, og desse vart oppbevart på oppdragsmappene også etter at vedkomande sluttar. Kommunen må tilpasse seg forskrift om politiattest § 8 når det gjeld makulering.

Problemstilling 2:

### **Fyl kommunen regelverket mht. tilsynsførarrolla**

I rapporten sin del 4, side 21 heiter det i revisor si vurdering:

### **Tilsynsbesøk:**

Kommunen hadde tilsynsansvar for 16 barn som var plasserte i Ørsta kommune. Alle tilsynsbarna som var plasserte i Ørsta hadde oppnemnd tilsynsførar pr. 2015, med unntak av 1 barn, der det vart opplyst at ein skulle skifte tilsynsførar, og 1 barn vart tilbakeført før det kom på plass tilsynsførar.

Tilsyn av uavhengig tredje person er ein kontroll med fosterheimen som kjem i tillegg til den kontrollen barnevernet sjølv skal utføre. Tilsynsførar skal minimum besøke fosterheimen fire gongar i året.

Kontrollen avdekka at berre 1 barn har hatt tilfredstillande med tilsynsbesøk i Ørsta kommune i kontrollperioden, men fleire har hatt frå 3-4 besøk, og 2015 var betydeleg betre enn i 2013 og 2014. Oversikta viser at det var 3 barn der tilsynsordninga kom seint i gang, og for 1 barn har det ikkje vore tilsyn sidan 2013. Dette er svært uheldig og viser til veileidar som tilseier regelmessig tilsynsbesøk, helst innan 14 dagar etter omsorgsovertaking/ny fosterheim.

Når det gjeld kommunen sine omsorgsbarn plasserte i andre kommunar viser også dette same tendens, dvs. manglande gjennomførte tilsyn. Ørsta kommune skal ha kopi av alle tilsynsrapportar også når borna er plasserte i andre kommunar, og ein må anta at det derfor ikkje har blitt gjennomført fleire tilsynsbesøk enn det som var registrert/låg føre. Kommunen må derfor purre på evt. manglande rapportar/tilsyn i fosterheimskommunen, då det er denne sitt ansvar å oppnemne tilsynsførar og få ordninga til å fungere.

### **Tilsynsførarordninga – uavhengigheit - politiattest**

I følge fosterheimsforskrifta skal tilsynsførar ha ei uavhengig rolle i forhold til både barnevernstenesta og fosterheimen. Barnevernsleiar opplyste at dei ikkje hadde noko form for å dokumentere tilsynsførar si uavhengigheit. Det var derfor uråd å kontrollere om tilsynsførar var tilstrekkeleg uavhengig. Barnevernsleiar opplyste at dei ville innføre «uavhengigheitserklæringar» frå 2016, og innhente nye politiattestar.

I følge barnevernsleiar er kommunen si rutine i høve politiattest at barnevernskonsulentane har ansvar for å krevje dette framlagt. Kontorpersonale ved barnevernet skal registrere motteken attest ved å hake av i fagsystemet Familia, samt handsame attesten etter gjeldande regelverk om oppbevaring/makulering. Attesten skal ikkje registrerast som innkomen post i Familia. Politiattestane vert oppbevart på mappene til oppdragstakar i lag med teiepliktskjema, timelister m.v. (same prosedyre som ved fosterheim, besøksheim og liknande.) Det var ikkje etablert rutine for makulering av attestane når oppdragstakar sluttar.

### **Tilsynsrapportar:**

Rapportane skal gi ei vurdering av barnet sin situasjon. Det skal gå fram kva vurderingane av barnet sin situasjon bygg på, og om det har vore samtaler med barnet. Det skal leggst til rette for samtale med barnet utan at fosterforeldra er tilstade, når alder og kommunikasjon gjer dette muleg.

Det vart brukt forskjellige malar av tilsynsførarane, der det var ferdig utarbeida ledetekstar. Ikkje alle dekte krava til innhald i rapportane, m.a. mangla det i enkelte tilfelle opplysningar om kor vidt det hadde vore samtalar med barnet utan andre tilstade. Enkelte rapportar var «tynne» medan andre var fyllestgjerande, og dette skilte seg frå tilsynsførar til tilsynsførar. Barnevernet bør følgje opp at rapportane har tilfredstillande innhald slik at barnevernet som har omsorgsansvar kan vurdere om fosterheimen fungerer tilfredstillande .

Revisjonen **konkluderer** med (rapporten del 4, s.22):

Barnevernet si oppfølging av tilsynsførarordninga av barn plasserte i fosterheim i Ørsta kommune vart ikkje tilfredsstillande fylgt opp, då dei fleste tilsynsborna ikkje har fått dei rettmessige tilsyn, men ser ei betydeleg betring frå 2014 til 2015. Det same gjeld kommunen sine omsorgsbarn som var plasserte i fosterheim i andre kommunar. Barnevernstenesta må derfor skjerpe rutinane kring oppfølging av tilsynsførarar.

Det var relativt stor variasjon i kvaliteten på tilsynsrapportane. Omsorgskommunen har ansvar for å følgje opp ev. forhold som kjem fram i rapportane, og det er derfor viktig at rapportane sitt innhald er dekkande for intensjonen med tilsynsordninga bl.a. samtalar med barnet. Manglande rapportar/tilsyn må følgjast opp.

Det vart ikkje dokumentert eigenvurderingar eller andre tiltak m.o.t. vurdering av tilsynsførar si uavhengigheit til barnevern og fosterforeldre, og det var derfor ikkje muleg å kontrollere om tilsynsførarane er tilstrekkeleg uavhengig både barnevernstenesta og fosterheimane.

Kommunen hadde rutine kring innhenting av politiattestar, men kommunen må tilpasse seg forskrift om politiattest § 8 når det gjeld makulering.

Problemstilling 3:

### **Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning – fylgjer kommunen regelverket**

I rapporten sin del 5, side 25 heiter det i revisor si vurdering og konklusjon:

Det var i 2015 utbetalt ekstra arbeidsgodtgjersle utover KS sine satsar til 11 av 12 fosterheimar, og dette utgjorde ca 2,1 mill. Kostnaden ved 4 barn plassert i institusjon vart ikkje vurdert. Når det gjaldt utgiftsdekning var det utbetalt berre ca kr 126<sup>6</sup> utover KS-sats, og gjeld 3 fosterheimar. Det er ikkje medrekna meirutgifter ved evt. frikjøp frå arbeid, utgifter til kjøp av klede , utstyr, dekking av barnehage/SFO, feriereisetilskot o.l som vart utbetalt til fosterforeldre.

Samanlikna med andre kommunar på Søre Sunnmøre var gjennomsnittleg meirutbetaling pr. omsorgsbarn høgare i Ørsta kommune enn i Ulstein og Herøy, men lågare enn Volda. Ørsta kommune betalte ved fleire høve dobbel/trippel arbeidsgodtgjersle, medan Sande ikkje har betalt arbeidsgodtgjersle eller utgiftsdekning utover KS-sats. Det vart ikkje vurdert om Ørsta kommune kjøper fosterforeldre fri frå arbeid i tillegg med dekning til arbeidsgivar, noko som var praksis i Herøy og inngår i rapporterte tal for Herøy.

Det var ikkje etablert rutinar for registrering av alle utgifter pr. fosterbarn, og det er derfor ikkje muleg å samanlikne mellom kommunane totale kostnader i høve omsorgsovertaking.

BUF dir. dekker vanlegvis utbetalingar utover kommunal eigenandel på kr 30.600 pr. måned (2015) m.o.t. arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning, og legg til grunn at ved frikjøp frå arbeid skal det ikkje betalast arbeidsgodtgjersle i tillegg.

Utgiftsdekning utover KS-sats er skattepliktig viss den ikkje er særskild dokumentert. Dette har ikkje vore kontrollert som ein del av dette prosjektet.

Det var utbetalt relativt store beløp til enkelte fosterheimar utover KS-sats, og det er ikkje undersøkt om dette er til dekning av tapt arbeidsinntekt eller om desse har arbeidsinntekt utanfor heimen i tillegg.

Problemstilling 4:

### **Samanlikning mellom kommunane (2015)**

I rapporten sin del 6, side 28 heiter det i revisor si vurdering og konklusjon:

Det var avvik mellom rapportering til KOSTRA og rapportering til Fylkesmannen når det gjeld bemanning for alle kommunane utanom Vanylven. Det var og avvik mellom rapportering til Fylkesmannen og til KOSTRA når det gjeld utvalte nøkkeltal. Det var berre Vanylven kommune som har same tal i begge rapporteringane.

Når det gjeld andel nye meldingar pr. barn 0-17 år så er Ørsta på gjennomsnittet med 3,5 %. Ulstein lågast med 2,1 % av barn 0-17 år, deretter Herøy, og Hareid har mest meldingar med 5,8 %. Hareid har og flest undersøkingar pr. årsverk, tett følgt av Ørsta kommune.

Born med hjelpetiltak pr. årsverk er høgast i Ørsta, og med Herøy tett etter, men der Hareid er blant dei lågaste saman med Vanylven. Når det gjeld barn med hjelpetiltak pr. barn 0-17 år er Ørsta på gjennomsnittet, Volda har mest, og Ulstein og Hareid har minst hjelpetiltak pr. innbyggjar 0-17 år. Barn under omsorg blant gruppa 0-17 år kjem Ørsta relativt gunstig ut med 0,55 %, mest har Hareid med 1,33 %. Ørsta har 1,6 barn under omsorgs pr. årsverk. Hareid har mest med 2,7 barn pr. årsverk, og Sande har minst med 0,8 barn pr. årsverk. Avvik mellom rapporteringane kan gjere utslag her.

Våre berekningar samsvarar ikkje med Kostra då vi tek utgangspunkt i antal barn med hjelpetiltak, medan Kostra tek med også barna som har omsorgstiltak.

Dei fleste kommunane bør gå gjennom rapporteringane til hhv Fylkesmann og SSB (Kostra), og vurdere kva som er årsak til avvika i rapporteringane. Siktemålet må vere å få lik rapportering.

#### DRIFTSUTGIFTER – barnevernstenesta

I rapporten sin del 7, side 32 heiter det i revisor si vurdering og konklusjon:

KOSTRA-rapportering av økonomiske data frå kommunane viste at Ørsta kommune nytta kr 752,- pr innbyggjar 0-17 år på barnevernstiltak i heimen, der Herøy kommune brukte mest med kr 1.697,- og Volda kommune minst med kr 219,- . Når det gjaldt barnevernstiltak utanfor heimen brukte Ørsta kommune kr 4.412,- pr. innbyggjar 0-17 år, medan Vanylven brukte mest med kr 7.303,- og Sande minst med kr 805,- . Totale utgifter til barnevernet viste at Ørsta var på gjennomsnittet med kr 7.563,-. Vanylven, Hareid og Ulstein brukte mest, og Sande minst med kr 4.167,-.

Samanlikninga kan indikere at dei som brukar mykje ressursar på tiltak i heimen (førebyggjande) får dette igjen i form av mindre omsorgsovertakingar.

Våre berekningar viser at kommunen var på gjennomsnittet knytt til hjelpetiltak pr. barn med tiltak med kr 22 761,- medan Herøy hadde dei høgaste med kr 49 003 pr. barn under tiltak. Volda minst med berre kr 4 969,- pr. barn . Når det gjeld utgifter knytt til totale kostnader med omsorgsplassering pr. omplassert barn hadde Ørsta dei høgaste utgiftene med kr 811 112,- pr. barn med omsorgstiltak, medan Sande hadde dei lågaste utgiftene med kr 198 752,-.

- ANBEFALINGAR

Revisor kjem med følgjande anbefalingar (rapporten del 8, s.32):

1. Barnevernstenesta må følgje opp rutineane i høve egne oppfølgingsbesøk og passe på at oppnemnd tilsynsfører gjennomfører minimumskrava til tilsynsbesøk som sikrar at barna får det tilsynet det har krav på.

2. Det må vurderast om regelverket vert følgd når det gjeld oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking
3. Det bør etablerast rutinar som dokumenterer uavhengigheitsvurderinga til tilsynsførar.
4. Det bør etablerast rutinar som sikrar at politiattestar vert oppbevart og makulert i samsvar med regelverket.
5. Rapporteringa til Fylkesmann og SSB (KOSTRA) må kvalitetssikrast og samsvare.

- RÅDMANNEN SI TILBAKEMELDING

I rapporten del 9, side 33 kjem rådmannen med si tilbakemelding på forvaltningsrevisjonsrapporten:

Rådmannen vil innleiingsvis presisere at det er viktig med fokus på dei ulike tenesteneområda gjennom forvaltningsrevisjon. Samtidig kan det vere greit å ta med seg at barnevernet er eit svært krevjande område å gjere faglege skjønsmessige vurderingar av kvalitet og praksis når dette skal gjerast utan å engasjere ekstern barnevernsfagleg kompetanse. Innanfor tilsynsordninga ligg dette til fylkesmannen og direktoratet.

Barnevernet opplever stadig større krysspress der ressursane må konkurrere om tid til barn og krav til oppfølging av forskrifter, tidsfristar og kontroll. Samtidig er dette ei teneste der store ressursar kan verte utløyste utan forutgåande planlegging der ein må handle akutt.

Det hadde vore ynskeleg at analysen kunne konsentrere seg om 2016 etter at vi har fått eit normalt driftsår for den nye felles barnevernstenesta. Det har vore ein stor prosess å samle fire barnevern til eitt, og drifta ber preg av at ein har hatt eit par år med implementering og interimstilstand. Åra 2014 og 2015 har såleis vore særskilt krevjande år. Erfaringar tilseier 2-3 år i ein slik omorganiseringsprosess.

Både Fylkesmannen og Rådmannen har sterkt fokus på rapportering på viktige parameter for tenesta, og dei siste rapportane frå barnevernstenesta viser positiv utvikling.

---

Ein viser elles til rapporten Forvaltningsrevisjonsprosjekt –**Barnevern – tiltak, tilsyn, rutinar - Ørsta kommune**, som ligg ved.

Revisor Bodill Skeide gjekk gjennom rapporten, og orienterte om funna.

### **Forslag til innstilling**

4. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet Barnevern – tiltak, tilsyn, rutinar - Ørsta kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 09.11.2016).
5. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
  1. Barnevernstenesta må følgje opp rutinene i høve egne oppfølgingsbesøk, og passe på at oppnemnd tilsynsførar gjennomfører minimumskrava til tilsynsbesøk som sikrar at borna får det tilsynet dei har krav på.
  2. Det må vurderast om regelverket vert følgd når det gjeld oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking.
  3. Det må etablerast rutinar som dokumenterer uavhengigheitsvurderinga til tilsynsførar.
  4. Det må etablerast rutiner som sikrar at politiattestar vert oppbevart og makulert i samsvar med regelverket.

5. Rapporteringa til Fylkesmann og SSB (KOSTRA) må kvalitetssikrast og samsvare.
6. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **01.06.2017**.

Utvalet sluttar seg til forslaget med følgjande tillegg/presiseringar:

Pkt. 4 i anbefalingane – tillegg: Politiattest innhentast i samsvar med "Retningslinjer til forskrift om politiattest i henhold til barnevernloven", og oppdaterast kvart 5.år.

Nytt pkt. 6 i pkt 2.: Ein må følgje lovverket slik at born sin rett til å bli høyrde og få høve til å uttale seg, er sikra.

### **Samrøystes innstilling**

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet Barnevern – tiltak, tilsyn, rutinar - Ørsta kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 09.11.2016).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar med kontrollutvalet sine tilføyningar i pkt.4 og nytt pkt 6., skal følgjast/utførast:
  1. Barnevernstenesta må følgje opp rutinene i høve egne oppfølgingsbesøk, og passe på at oppnemnd tilsynsførar gjennomfører minimumskrava til tilsynsbesøk som sikrar at borna får det tilsynet dei har krav på.
  2. Det må vurderast om regelverket vert følgd når det gjeld oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking.
  3. Det må etablerast rutinar som dokumenterer uavhengigheitsvurderinga til tilsynsførar.
  4. Det må etablerast rutiner som sikrar at politiattestar vert oppbevart og makulert i samsvar med regelverket. Politiattest innhentast i samsvar med "Retningslinjer til forskrift om politiattest i henhold til barnevernloven", og oppdaterast kvart 5. år.
  5. Rapporteringa til Fylkesmann og SSB (KOSTRA) må kvalitetssikrast og samsvare.
  6. Ein må følgje lovverket slik at born sin rett til å bli høyrde og få høve til å uttale seg, er sikra.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **01.06.2017**.

## **SAK 41/16 MELDINGAR**

### **Vedlegg**

1. Melding om vedtak i Ørsta kommunestyre 27.10.2016, sak 85/16 Budsjett for kontrollutvalet.
2. Høyringsuttale frå Forum for tilsyn og kontroll NOU 4:2016 Ny kommunelov
3. Høyringsuttale frå Norges kommunerevisorforbund NOU 4:2016 Ny kommunelov

### **Saksopplysning**

○ Vedtak i Ørsta kommunestyre 27.10.2016, sak 85/16 Budsjett for kontrollutvalet  
Kommunestyret har gjort vedtak om å løyve kr.40 000,- til fri disposisjon for kontrollutvalet i budsjett 2017. Leiar- og møtegodtgjersle kjem i tillegg. (Vedlegg 1)

○ Høyringsuttale frå Forum for tilsyn og kontroll NOU 4:2016 Ny kommunelov  
Sjå vedlegg 2.

○ Høyringsuttale frå Norges kommunerevisorforbund NOU 4:2016 Ny kommunelov  
Sjå vedlegg 3.

### **Samrøystes vedtak**

1. Kontrollutvalet tek meldinga til vitende.
- 2.-3. Kontrollutvalet tek meldingane til orientering.

### **SAK 42/16 TILBAKEMELDING JF. ØR04 SAK 31/16**

#### **Vedlegg**

1. Faksmile Møre-Nytt 01.11.2016: «Opphevar ikkje vedtaket»
2. Avtale om drift av skyssbåt på Hjørundfjorden

### **Saksopplysning**

I sak 31/16 tok kontrollutvalet opp og drøfta ulike tema knytt til mellom anna habilitet, anbudsprosess og organisering i større investeringar og byggeprosjekt.

Det vart gjort følgjande samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet ber sekretariatet sjekke opp kring einskildsaker som var omtala, og kome med ei tilbakemelding til kontrollutvalet.
2. Kontrollutvalet ynskjer å verte orienterte om korleis Ørsta kommune organiserer større bygge- /investeringsprosjekt, og ber sekretariatet kalle inn ordførar og rådmann for å orientere om dette i neste møte.

Sekretariatet viser til dokument som er lagt ved.

### **Samrøystes vedtak**

1. Kontrollutvalet tek faksmile frå Møre-Nytt til orientering.
2. Kontrollutvalet oppmodar rådmannen til å sjå nærmare på avtalen vedkomande avtale om drift av skyssbåt på Hjørundfjorden, jf. reglar om offentlege innkjøp.

### **SAK 43/16 STATUS VIKETUNET – OPPFØLGING AV KONTROLLUTV.SAK 24/15**

#### **Vedlegg**

Tilbakemelding frå seksjonsleiar Helse og velferd Knut Åmås, av 14.11.2016.

### **Saksopplysning**

Kontrollutvalet reiste i sak 08/16 Saker som kjem til, spørsmål om status for Viketunet i høve vedtaka gjort av kontrollutvalet i sak 24/15.

Og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

„Til hausten ynskjer kontrollutvalet ei tilbakemelding frå administrasjonen på korleis ein ligg an i høve vedtaka i sak 24/15, gjort i kontrollutvalet vedrørende Viketunet.“

Seksjonsleiar Helse og velferd Knut Åmås og einingsleiar psykisk helse Joanne Picton Aarseth møtte i kontrollutvalet for å oppdatere på status samt svare på spørsmål.

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek orienteringa frå seksjonsleiar Helse og velferd Knut Åmås og einingsleiar Psykisk helse Joanne Picton Aarseth, til vitende.

## **SAK 44/16 TERTIALRAPPORT OG FINANSRAPPORT AUGUST 2016**

### **Vedlegg**

1. Terialrapport august 2016– utskrift frå saksframlegg til kommunestyremøte 27.10.2016. For å sjå heile saksframlegget med tertial- og finansieringsrapport august 2016: <https://drive.google.com/file/d/0B93acdZECXU8TVRJa0ZsSDBmNEE/view> (side 22 – 72)

### **Saksopplysning**

Kommunestyret hadde PS 76/16 Terialrapport august 2016, til handsaming 27.10.2016. Og gjorde fylgjande samrøystes vedtak: «Ørsta kommunestyre tek tertialrapport august 2016, til vitende.»

Terialrapport august 2016 er sett opp som sak i kontrollutvalet då det er viktig at kontrollutvalet er orientert.

### **I rådmannen sitt saksvedlegg til tertial og finansrapport august 2016, heiter det:**

#### Samandrag av saka:

Rekneskapet for januar til august viser eit mindreforbruk på 3,8 millionar samanlikna med budsjett ut august. Årsprognosen syner eit mindreforbruk på 8,3 millionar.

#### Saksopplysningar:

Rapporten syner bokført rekneskap for januar til august samanlikna med budsjett for perioden. Seksjonane og økonomistaben har lagt ned eit stort arbeid med å få prognosen for heile året så rett som vi klarer per dato. Det vi presenterer er likevel ei prognose. Det kan framleis skje uventa hendingar som kan gjere at dei endelege rekneskapstala blir annleis. Administrasjonen har fått ei viss rutine i å sette opp slike prognoser, så det gir håp om at prognosen vil vise seg å stemme bra. I arbeidet med denne rapporten har administrasjonen sett etter innsparingar i budsjett etter kommunestyrevedtak om økonomiplan. Vi har innsett at eit godt forslag til innsparingar krev meir tid, slik at det kjem i eit eige saksframlegg.

#### Rådmannen si vurdering og konklusjon:

Samla for heile kommunen syner prognosen for 2016 eit mindreforbruk på 8,3 millionar.

- Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen
- Konsekvensar for folkehelsa: Ingen
- Miljøkonsekvensar: Ingen
- Økonomiske konsekvensar: Rådmannen trur at Ørsta kommune skal spare pengar i 2016.
- Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen
- Konsekvensar for barn og unge: Ingen

Viser elles til tertialrapport og finansrapport pr. august 2016. (Sjå link)

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek kommunestyresak PS 70/16 Terialrapport august 2016, til vitende.



**Møtet slutt.**

Sven Castberg  
- leiar -

Anne Stine Foldal Aam  
- nestleiar -

**Møteprotokollen går til:**

**Kommunestyret som melding.**

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.

Ordfører til orientering.

Rådmann til orientering.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.